

Den siste draken

Frans vakna brått. Han hadde drøymt at han svømte i innsjøen. Noko stort og svart hadde følgt etter han. Det var varmt og klamt. Han svømte så fort han kunne, men fekk ikkje til å trekke pusten samtidig. Kvar gong han stoppa for å trekke pusten, kom det svarte nærmare. Han heldt på å drukne då han vakna med eit kraftig rykk i kroppen. Det var ei rar lukt i lufta. Frans strekte seg og prøvde å få draumen ut av tankane. Ute var det blitt mørkt, og han låg i senga si. Det var sikkert tante som hadde lagt han der, og breidd dyna over han. Tantegreia. Det var seint, dei raude tala på klokka ved senga viste nesten tolv. På nattbordet låg den svarte steinen og glødde svakt i lyset frå klokka. Det kom ikkje ein lyd frå huset.

Anders A. Johansen